



# NORLI JUNIOR

## LESEKONKURRANSE!

For 1.-7. klasse

### Kva er lese- konkurransen?

Målet med Norli Junior Lesekonkurranse er å gje elevane ein eksplosiv rakettfart på lesinga! I fjor deltok 50 000 barn frå nesten 3000 klasser. Dei las 100 millionar sider.

Lesekonkurransen er omtrent som eit dataspel, med «levels» og trofé. Han vert arrangert av Norli bokhandel i samarbeid med fleire forlag.

### Korleis melde seg på?

- På [norlijunior.no](http://norlijunior.no) opprettar du ein elevprofil. Konkurransen startar 13. september. Her kan du registrere alt du les.
- Læraren gir deg ein kode. Denne må du bruka for å verta med i klassa di.
- Viss du har vore på norlijunior før, kan du godt bruka same profil.

### Mål og konkurranse er gøy!

- Klassa les seg frå nivå til nivå, og vinn diplom. Alle klasser som kjem til første nivå – 800 sider per elev – får medaljar.
- **Noregsligaen:** Klassa som les mest i Noreg, vinn ein stor Noregspokal.
- **Klassetrinnsligaen:** Klassa som les mest på kvart klassetrinn i Noreg, vinn 4000,- kroner. Premien delast viss fleire klasser les like mykje.
- **Fylkesligaen:** Klassa som les mest i kvart fylke, vinn pokal.
- **Språkligaen:** Klassa som les bøker på flest forskjellige språk, vinn pokal.
- **Superligaen:** Klassa som les flest sider med bonusbøker (bøker med minst 27 linjer per side), vinn pokal. Lærar vel om klassa skal delta i superligaen.
- **Skuleligaen:** Skulane kan sjølv arrangere eigen konkurranse internt på skulen, og finne på eigne premiar.
- **Kommuneligaen:** Kommunar som ønsker å halde eigen konkurranse internt i kommunen, kan få eiga resultatliste.

### Glad i å teikne?

Kvar måned er det teiknekonkurranse på [norlijunior.no](http://norlijunior.no) – med tema frå ei av bøkene i lesekonkurransen!

## Dette kan elevane lesa og registrera:

Les kva du vil, alle bøker lesne frå og med **13. september – 10. desember kan skrivast opp.**

- Bøker/e-bøker på alle språk – romanar, faktabøker og teikneseriebøker.
- Lydbøker og høgtlesing (registrerast som lesne minutt).
- Aftenposten Junior, vitsebøker, teikneseriar (så sant det er ein del tekst).
- Lesing i skulebøker skal ikkje registrerast. Leselekser frå skulebøker som naturfag, geografi og liknande skal ikkje registrerast.

## Bonus

Viss du les bøker med minst 27 linjer per side og utan bilete/teikningar, får du bonus: 20 % ekstra sider. Boka tel også med i Superligaen. Det er læraren som gir bonus, så hugs å seie frå at det er ei bonusbok.

## Foreldrehjelp

**Hjelp barna å registrera bøker viss dei treng det.**

Mange tusen barn legg ned ein enorm innsats under lesekonkurransen. Derfor er det viktig at konkurransen er rettferdig, og at ingen juksar. Vi ber om at både foreldre og lærarar understrekar for borna kor viktig det er å ikkje jukse. Juks er å skrive opp bøker ein ikkje har lese, og å registrere for mange sider.

**Lykke til i årets lesekonkurranse - dette blir gøy!**



**KONKURRANSEPERIODE:  
13. september — 10. desember / 2021**